

Rettleiing ved melding om lisens

Skjemaet gjeld

Skjemaet gjeld melding om lisens eller melding om endringar i lisensen. Du må krysse av for om lisensen skal noterast i ein varemerke-, design- eller patentrett. Lisensnotering i registeret er berre nødvendig dersom ein av partane ønskjer det. Det er nok at ein av partane sender inn skjemaet. Det er unødvendig å sende inn dokumentasjon for lisensen. Dersom innehavaren/lisenstakaren likevel ønskjer å sende inn dokumentasjon og denne er på over 15 sider, ber vi om at den blir innlevert elektronisk. Endringar, for eksempel ny fullmektig eller namne- og adresseendring, skal du melde på eige skjema og sende til Patentstyret separat, før du leverer krav om notering av lisens. Det finst eigne skjema for dette på patentstyret.no.

Fagområde

Kryss av for om dei oppførte rettane tilhøyrrer varemerke-, design- eller patentområdet. Du kan ikkje føre opp rettar for meir enn eitt område per skjema.

Referanse

Du må føre opp søknads-, registrerings- eller patentnummeret for retten som lisensen skal noterast i. Ønskjer du å notere ein lisens i fleire rettar, må du fylle ut fleire skjema; eitt for kvar lisens/lisensendring.

Meldinga gjeld

Du må også krysse av for kva noteringa inneber. Er det for eksempel inngåing av lisensavtale, avslutting av lisensavtale eller overføring av lisens.

Lisensen gjeld

Du må krysse av for om lisensen gjeld heile eller delar av ein rett. Dersom ikkje lisensen gjeld heile retten må du spesifisere. For varemerke skriv du kva varer og/eller tenester lisensen gjeld. For design skriv du kva designar i ein samregistrering lisensen skal gjelde. Lisensens omfang må oppgis på norsk.

Lisenskategori

Skriv kva for ein av dei tre lisenskategoriene lisensen gjeld. Ein **eksklusiv lisens** gir lisenstakaren ein absolutt utnyttingsrett. Det vil seie at lisensgivaren ikkje kan utnytte retten sjølv så lenge avtalen gjeld. Ein **einelisens** gir lisenstakaren ein eksklusiv rett, saman med rettshavaren, til å utnytte retten så lenge avtalen gjeld. Ein **ikkje-eksklusiv lisens** er ein lisens som verken hindrar innehavaren i å bruke merket sjølv eller å gi lisens til fleire.

Avtaledato

Vi ber om datoen for når avtalen blei inngått eller avslutta.

Innehavar/lisensgivar

Før opp namnet og adressa til innehavaren. Som innehavar reknar vi den som eig retten som blir lisensiert bort. Har innehavaren eit kundenummer i Patentstyret, kan du skrive opp det.

Fullmektig for innehavaren

Har innehavaren ein fullmektig, må du føre opp namnet og adressa hans/hennar. Har fullmektigen kundenummer i Patentstyret, kan du skrive opp det.

Lisenstakar/sublisenstakar

Før opp namn og adresse til lisenstakaren (eller sublisenstakaren). Har han/ho eit kundenummer i Patentstyret, kan du skrive opp det.

Fullmektig for lisenstakar/sublisenstakaren

Har lisenstakaren ein fullmektig, må du føre opp namnet og adressa hans/hennar. Har fullmektigen eit kundenummer hos Patentstyret, kan du skrive opp det.

Sendar og underskrift

Lisensgivaren, lisenstakaren, eller ein fullmektig som representerer ein av dei, kan underteikne og sende inn meldinga. Vi godtek kopi av skjemaet så sant opplysningane der kjem tydeleg fram.

Rettleiing ved melding om lisens

Forretningsløyndomar

Du kan be om at forretningsløyndomar ikkje vert offentleggjorde. Ei slik oppmoding må vere skriftleg. I tillegg må du tydeleg markere kva for opplysingar i dokumentet som du ikkje vil at vi skal offentleggjere. Vi vil deretter vurdere om vi kan unnlate å offentleggjere opplysingane.

Personopplysningar

Styrelova og patent-/design-/varemerkelova krev at ein sender inn visse personopplysningar. Patentstyret behandlar desse opplysningane med elektroniske hjelpemiddel i samband med registrering og journalføring i dei registra vi administrerer. Eit av formåla med registreringa og journalføringa av personopplysningar er at innehavarane skal kunne bevise overfor tredjemenn at dei er innehavar av retten. Opplysningane er offentlege og vil bli utleverte blant anna i samband med førespurnader om utskrift frå registeret. Opplysningane vil også bli gjorde tilgjengelege for andre, for eksempel ved online oppkopling mot basen. Når det blir kravd, vil Patentstyret rette feil og gi innsyn i alle personopplysningar som er førte inn om einskildpersonar.

